Årsmelding Hafslo Idrettslag 2020

Innhald

Saksliste for årsmøtet 3
Årsmelding styret i Hafslo IL 4
Årsmelding stadionstyret 11
Årsmelding hoppgruppa 12
Årsmelding alpingruppa 15
Årsmelding langrennsgruppa 18
Årsmelding fotballgruppa 19
Årsmelding foreldrelaget for aldersfastlagd fotball 25
Årsmelding barneidrett 26
Årsmelding trimgruppa 27
Årsmelding handballgruppa 28

Saksliste for årsmøtet

1. Opning
2. Godkjenning av innkalling
3. Godkjenning av saksliste
4. Val av møteleiar og skrivar
5. Val av to medlemar til å skriva under møteboka
6. Årsmelding frå styret
7. Årsmelding frå gruppene
8. Rekneskap
9. Fastsetjing av medlemskontingent
10. Budsjett
11. Innkomne saker
12. Val

Oppdatert saksliste med aktuelle saksdokument vert gjort tilgjengeleg på heimesida vår, www.hafslo-il.no, seinast torsdag 4. mars 2021.

Vel møtt til årsmøte for Hafslo IL på Eikum Hotell,

torsdag 11. mars 2021 kl. 19!

NB: På grunn av korona-situasjonen kan det bli aktuelt med påmelding i forkant til årets årsmøte. Følg med på heimesida vår www.hafslo-il.no og Facebook-sida vår for meir informasjon om dette framover!

Årsmelding styret i Hafslo IL

Styret

Leiar: Ove Midtbø
Nestleiar: Sandhya Karlsen Holene
Sekretær: Kari Merete Henjum
Økonomikontakt: Birthe Johanne Fredheim Finstad
Styremedlem: Erna Hamrum
Styremedlem: Geir Arne Kvam
1. varamedlem: Nina Cirotzki
2. varamedlem: Hanne Kvam

Gruppene

Fotballgruppa
Norill Terese Norheim – leiar
Kai Inge Cirotzki, Elin Anette Hillestad, Camilla Bremer, Karita Nes, Jan Erik Røneid

Langrennsgruppa
Trond Sekse – leiar
Elise Landøy, Per Fridolf Hillestad

Hoppgruppa
Per Birger Lomheim – leiar
Jon Ove Lomheim, Ove Fredheim, Vegard Bondevik Lie, Ole Johnny Sie, Geir Afdal

Alpingruppa
Runar Tørvi – leiar
Hans Olav Hellesøe, Adrianne Kvam, Jørgen Berg, Ellen Sophie W. Fredheim (freeski-kontakt)

Barneidrettsgruppa
Anne Grete Lomheim – leiar
Janniche Fossøy, Ann-Helen Liljedahl

Trimgruppa
Katrin Lægreid Nes – leiar
Adrianne Kvam, Audhild Moe, Tomas Kjørlaug, Sandra Nesse Søhoel, Grete Marie Skårhaug Solvi, Kjell Arild Høyum

Handballgruppe
Sandhya Karlsen Holene – leiar
Lars Olav Halleråker, Monika Reime

Orienteringsnemnd
Ove Oklevik

Stadionstyret
Birger Moene - leiar
Knut Helge Røneid

Økonominemnd
hovudstyret ved nestleiar/leiar
Margrete Søhoel Røneid, Thomas Skjerven, Ann Elisbeth Skjerven

Foreldrelaget
Erna Hamrum – leiar
Jim Sletten, Jane Mandelid

Lerum cup-nemnd
Geir Afdal – leiar
Sverre Kjos-Wenjum, representant frå fotballgruppa, representant frå hovudstyret, Kai Inge Cirotzki (fotball), Birger Moene (stadionstyret), Erna Hamrum, Britt Brugrand, Ann Elisbeth Skjerven (dei tre siste er kiosknemnd)

Skøyteutval
Per Ivar Lomheim, Terje Kalhagen

Friidrettsutval
representant frå trimgruppa

Hafslovatnet rundt-nemnd
Hafslovatnet Rundt vart avvikla som turrenn i 2020 med verknad frå 2021.

Luster idrettsråd
Ove Midtbø, Norill Terese Norheim

Ungdomskontakt
Har ikkje hatt ungdomskontakt 2020

Kontrollutval
Gerd Westby, Herman Odd Stein, Jon Sterri (vara)

Valnemnd
Styret og særgruppene har fungert som valnemnd i 2020.

Møte og tilstellingar

Det har vore halde 5 styremøte og 5 møte med gruppeleiarane i 2020. Eitt styremøte og eitt utvida styremøte har vore gjennomført digitalt via Teams. I tillegg hadde vi eit ekstraordinært årsmøte 24.09.2020, der det vart vedteke at Hafslo IL skulle stå som søkjar av spelemidlar for hoppanlegg K10, K19 inkl. lysanlegg og skitrekk ved Sogn Skisenter, tilleggsfinansiering på 100 000 kr og at Hafslo IL skulle inngå avtale med Sogn Skisenter om drift av anlegga.

Erna Hamrum, Ove Midtbø og Per Birger Lomheim representerte laget på årsmøtet til Luster idrettsråd 27. august.

Ove Midtbø representerte laget på den ordinære generalforsamlinga til Sogn Skisenter 14. mai, og på ekstraordinære generalforsamlingar 28. september og 16. desember. Alle generalforsamlingane vart gjennomført via Teams.

Jon Ove Lomheim, Per Birger Lomheim og Ove Midtbø deltok frå Hafslo IL på Idrettens møteplass i Førde 24. oktober. Alle deltok på fellesdelen, medan Jon Ove og Per Birger deltok på skikrinsen sitt haustmøte for hopp, og Ove deltok på samling for idrettsråda i Vestland fylke.

Saker
Styret har handsama 72 saker i 2020. Dette har stort sett vore vanlege styremøtesaker, og i år har mange av sakene vore prega av korona-pandemien. Vi handsama i tillegg tre saker på ekstraordinært styremøte 24.09.2020, som gjaldt spelemiddelsøknad for hoppanlegg K10, K19 inkl. lysanlegg og skitrekk ved Sogn Skisenter. Det er god kommunikasjon mellom hovudstyret og særgruppene om saker gjennom året, og vårt inntrykk er at særgruppene arbeider godt og handterer sakene i sine grupper på ein god måte.

Medlemstal

Medlemstalet var på 640 medlemer per 31.12.2020. Det er ein nedgang på 20 medlemer samanlikna med same tidspunkt i 2019.

Utdanning

Eli Sletten, Gabriella Alberska, Kristine Fardal Norheim, Celine Fardal Norheim, Mathilde-Kristine Aspelund og Katrin Lægreid Nes deltok på kurs i Paraidrett i regi av Vestland idrettskrets i Førde 29. februar.

Erna Hamrum og Ove Midtbø deltok på kurs i Klubbadmin i regi av Vestland idrettskrets i Gaupne 24. november.

Anna Grindhaug, Ingeborg Sekse, Ingrid Johanne Kvalen, Linnea Ackefjord Bremer, Anna Maria Bremer og Norill Terese Norheim deltok på rekrutteringsdommarkurs i regi av NFF Sogn og Fjordane i Sogndal 3.-4. oktober.

Særforbund

Laget har vore medlem i følgjande særforbund under Norges Idrettsforbund:

- Norges Skiforbund
- Norges Fotballforbund
- Norges Friidrettsforbund
- Norges Trimforbund
- Norges Skiskyttarforbund
- Norges Orienteringsforbund

Økonomisk resultat

På grunn av korona-pandemien har det vore eit spesielt år. Likevel er økonomien til Hafslo IL god og stabil. Idrettslaget har faste årlege inntekter gjennom gode sponsorar og offentlege tilskot. Tapte inntekter i 2020 på grunn av korona-pandemien, er delvis refundert gjennom eiga krisepakke frå

staten. Korona-pandemien har også ført til ein reduksjon i aktivitet utover ordinære treningar, noko som igjen har ført til betydeleg mindre utgifter til turneringsdeltaking, dommarar, reiseutgifter mm. Også utgifter til kiosk har gått betydeleg ned, då årets Lerum Cup vart avlyst. Oppsummert har dette ført til at vi har eit vesentleg betre økonomisk resultat i 2020 enn vi hadde budsjettert med. Rekneskapen for 2020 syner eit overskot på 446 192 kr.

Drifta i idrettslaget er økonomisk forsvarleg og vi har avtale og god dialog med Sogn Rekneskapskontor AS om føring av rekneskapen. Vi får tilsendt månadlege økonomirapportar frå rekneskapskontoret, som gjer at vi har god oversikt og kontroll til ei kvar tid.

Detaljar om rekneskapen finn ein i rekneskapsoversynet som vert lagt fram på årsmøtet.

Mottekne midlar

Avtala med hovudsponsoren vår Luster Sparebank er svært viktig, og gir oss eit solid økonomisk grunnlag for å legge til rette for eit breitt og variert aktivitetstilbod for medlemene våre gjennom året.

Sponsoravtala vi har med NTP Avery Dennison gir oss også viktige inntekter, i tillegg til god hjelp med bestilling og trykking av sponsormerker på klubbkleda våre.

Hafslo IL har også sponsoravtale med Intersport Sogndal, der idrettslaget får gode tilbod og hjelp til å bestille klede og utstyr. Avtala er viktig for medlemene våre, og vi vil vidareutvikle samarbeidet med Intersport Sogndal i åra som kjem, slik at vi sikrar gode og varierte tilbod på treningsklede og treningsutstyr for medlemene våre.

I tillegg til midlar frå sponsorane våre, får vi også viktige årlege tilskot frå Luster kommune gjennom ordninga med tilskot til kulturføremål. Vi kan også nemne viktige økonomiske bidrag frå Norsk Tipping (grasrotandel), Norges Idrettsforbund (LAM-midlar) og ordninga med momskompensasjon. I 2020 fekk vi også delvis refundert tapte inntekter i samband med Lerum Cup og Haustmarknaden gjennom ei eiga krisepakke frå staten på grunn av korona-pandemien.

Vi har også mange bedrifter og støttespelarar i nærområdet som mellom anna har bidrege med skiltreklame i Moane, vedlikehald mm.

Korona-pandemien i 2020 har synt oss kor viktige sponsorane og dei offentlege støtteordningane er for idrettslaget. Styret vil derfor rette ein stor takk til alle sponsorar, støttespelarar og alle andre samarbeidspartar som har vore med å støtta oss gjennom året.

Anlegg

Anlegga våre har generelt god kvalitet. Vedlikehaldet vert utført jamleg av gruppene og stadionstyret, og det er mange som legg ned ein stor og viktig innsats gjennom året. 2020 har vore eit spesielt år grunna korona-pandemien, men anlegga våre har likevel vorte vedlikehaldne på vanleg måte.

På grunn av at fotballsesongen 2020 vart utsett og noko redusert på grunn av korona-pandemien, vart det god tid til å klargjere banene i Moane i vårsesongen. Denne sesongen har idrettslaget også hatt ei avtale med Sogndal Fotball om å vedlikehalde og drifte deler av treningsfeltet i Moane, mot at vi kunne få nytte dette til fotballaktivitet ved behov. Stadionstyret med Birger i spissen har gjort ein stor innsats med drift og vedlikehald av både Hafslo stadion og treningsfeltet denne sesongen. Og med redusert aktivitet i vårsesongen, er det mange år sidan vi har hatt så flotte grasbaner og speleforhold i Moane.

I løpet av våren vart det også utført ein del ryddearbeid i området rundt Hafslo stadion, der vi bestilte container og fekk fjerna gamle pallar, øydelagde mål mm.

Det vart ikkje prioritert å gjere så mykje med løpebana rundt fotballbana og kaste- og lengdegropa i Moane i 2020. I 2021 fell drifts- og vedlikehaldsplikta etter spelemiddelordninga bort for denne delen av anlegget, og vi må derfor vurdere om vi skal gjere ei større oppgradering av denne delen av anlegget. Vi har også fått godkjend spelemiddelsøknad for lysanlegg kring Hafslo stadion, og håpet er at vi får eit slikt anlegg på plass før haustsesongen 2021. Mastene til lysanlegget vil sannsynlegvis måtte plasserast på deler av arealet for løpebana rundt Hafslo stadion.

Dei siste åra har vi hatt dårleg vasskvalitet i Moane, og prøvar har konkludert med at det ikkje er anbefalt å drikke vatnet. Det har derfor vore behov for reserveløysingar for å sikre tilgjengeleg drikkevatn i samband med treningar og kampar. No er det sett i gong eit arbeid med å få kommunal vasstilknyting til Moane, og Hafslo IL har søkt om å få knytte seg til den kommunale vassforsyninga. Vi håpar å få dette på plass i løpet av våren 2021.

Kunstgrasbana, 7-ar bana ved Hafslo barne- og ungdomsskule, er eit flott anlegg som er mykje i bruk. Sjølv om korona-pandemien har ført til mindre bruk enn vanleg, har det likevel vore stor aktivitet på bana i tråd med korona-retningslinjene frå det vart opna for aktivitet veka etter påske. I år var bana i bruk heilt fram til jul, og den siste laurdagstreninga vart gjennomført 19.desember!

Sesongen 2019/2020 vart den siste for hoppanlegget i Kvam då leigeavtala med grunneigar gjekk ut i 2020. Hoppgruppa hadde ein god dialog med grunneigar om å avvikle anlegget i løpet av 2020. Arbeidet med nedrigging av anlegget starta opp kring påsketider, og vart avslutta på seinsommaren. Hoppgruppa har gjort ein stor dugnadsinnsats i samband med avvikling av anlegget. No har Hafslo IL sendt inn spelemiddelsøknad for to små bakkar ved anlegget på Sogn Skisenter, K10, K19 inkl. lysanlegg og skitrekk. Vi håpar desse anlegga vert realiserte i nær framtid, slik at vi framleis kan ha eit tilbod om hoppaktivitet på Hafslo i åra som kjem.

Etter at gjeldande anleggsplan for 2019-2022 vart vedteken i 2019, har Hafslo IL inngått samarbeidsavtalar med Hafslo Sogelag og Hafslo Bygdelag om anlegg for hesteaktivitet på Fluga og grillhytte/gapahuk ved kunstgrasbana på skulen. Hafslo IL står som søkjar av spelemidlar for begge desse anlegga, der vi har samarbeidsavtalar med sogelaget og bygdelaget om drift og vedlikehald. Grillhytta/gapahuken vart oppført hausten 2020 og vart offisielt opna 21.desember. Arbeidet med anlegget for hestesport-aktivitet på Fluga er også i gong. Dette er to flotte anlegg som vil bidra til aktivitet for både medlemene av idrettslaget vårt, men også for born, unge og vaksne i alle aldrar på Hafslo. Vi tykkjer det er flott å kunne samarbeide med andre lag og organisasjonar i bygda vår om anlegg som bidreg til aktivitet og trivsel for mange.

Hafslo IL har også eit godt samarbeid med Sogn Skisenter, Luster kommune og Hafslo barne- og ungdomsskule om å legge til rette for aktivitet i idrettslaget. Vi har gode treningsforhold både i alpinbakken, i langrennsløypene og i gymsalen i Samfunnsbygget. Trimgruppa si tilrettelegging og samarbeid med Hafslo Bygdelag og Hafslo Sogelag om stifadderprosjektet, bidreg også til flotte turmoglegheiter for medlemene våre. Vi har også flotte oppdaterte orienteringskart/løyper som både Barneidrettsgruppa og Trimgruppa er flinke til å nytte til aktivitet for born og unge.

Hafslo Idrettslag vil takke alle som har bidrege til å fornye og vedlikehalde anlegga våre i 2020! Ei særskild takk til leiar av stadionstyret for den ekstra innsatsen til drift og vedlikehald av grasbanene i Moane, og takk også til alle andre som har bidrege gjennom året.

Avgidde tillitsvalde

Styret i Luster Idrettsråd: Ove Midtbø – leiar, Norill Terese Norheim – styremedlem

Styret i Sogn Skisenter SA: Jon Ove Lomheim – styremedlem, Lars Olav Halleråker – styremedlem, Jorunn Hillestad Sekse – varamedlem

Skikrinsen, hopp og kombinertkomiteen: Jon Ove Lomheim – nestleiar

Krinsdommar skikrins: Jon Ove Lomheim

Krinsdommar og Forbundsdommar NSF: Per Birger Lomheim

NFF Sogn og Fjordane (dommarkomiteen og krinsansvarleg instruktør): Geir Arne Kvam

Aktivitet

Hafslo Idrettslag har hatt stor og god aktivitet også i 2020, sjølv om det har vore eit spesielt idrettsår på grunn av korona-pandemien. Idrettslaget har tilbod om aktivitet for medlemer i alle aldrar. Dette gjeld både for medlemer som driv konkurranseaktivitet, mosjonistar, og for medlemer med ulike funksjonsnivå. Det er også mange trenarar, lagleiarar, tillitsvalde og andre støttespelarar som gjer ein stor frivillig innsats gjennom året for å legge til rette for aktivitet og ta seg av administrasjonen av idrettslaget. I tillegg er det ei rekke personar som er involvert i nemnder og grupper med ulike funksjonar. Meir detaljar om aktivitetane går fram av årsmeldingane frå dei ulike særgruppene våre.

Både treningar, konkurransar, kampar, trim, og andre arrangement vert gjennomført på ein god måte og med stor innsats frå mange. I 2020 er det mange som har gjort ein særskilt stor innsats med å planlegge, organisere og gjennomføre aktivitetar i tråd med korona-retningslinjene som har vore gjeldande til ei kvar tid.

Foreldreinvolvering er også ein viktig ressurs for idrettslaget, og er ein viktig motivasjonsfaktor for at born og unge skal trivast, ha utvikling og framgang. Dette er også avgjerande for at gruppene i laget skal kunne tilby og gjennomføre gode treningsøkter som dekkjer både idrettsfaglege og sosiale behov.

Det har vore ein del avgrensingar når det gjeld deltaking på konkurransar og arrangement etter at korona-pandemien førte til at all idrettsaktivitet vart stogga i midten av mars. Mange utøvarar frå Hafslo Idrettslag har likevel delteke på ulike arrangement gjennom året, både lokalt, regionalt og internasjonalt (før korona-pandemien) med flotte resultat. Vi kan mellom anna nemne at vi har hatt med utøvarar i veteran-OL i Innsbruck, på kretslag og kretsaktivitetar i langrenn og på sone- og kretslag i fotball. Vi er også glade for at laga våre i barne- og ungdomsfotballen fekk spele seriekampar i haustsesongen.

Særgruppene våre gjer ein framifrå innsats gjennom året med å legge til rette for mykje variert, god og meiningsfylt aktivitet for mange. Sjølv om hovudfokuset i år har vore å legge til rette for gode treningar internt i eigen klubb i tråd med korona-retningslinjene, er det fleire av gruppene som har vore arrangør eller medarrangørar av arrangement på lokalt nivå. Vi vil rette ein særskilt takk til alle tillitsvalde i særgruppene, og til alle andre som tek på seg ansvar som trenarar, oppmenn og andre støttefunksjonar i idrettslaget vårt! Stor takk også til alle foreldre, supporterar og andre støttespelarar som gjennom året bidreg med dugnad, køyring og anna innsats kring dei ulike laga, gruppene og aktivitetane våre!

Avslutning

2020 har vore eit spesielt år for idrettslaget, og vil først og fremst bli hugsa på grunn av den ekstraordinære situasjonen som oppstod i samfunnet på grunn av korona-pandemien. Vi har også i år fått nokre triste beskjedar om bortgangen til ein av våre tillitsvalde og ein av æresmedlemene våre i løpet av året. Bortgangen for begge vert markert med eitt minutts stillheit på årsmøtet.

Oppsummert har likevel 2020 vore eit år med mange små og store høgdepunkt. Eitt av dei største høgdepunkta var nok då Per Birger Lomheim fekk tildelt Kongens fortenestemedalje under kommunestyremøtet på Eikum Hotell 22. oktober. Ei velfortent utmerking og først og fremst ein stor dag for Per Birger og familien, men også for Hafslo Idrettslag.

Hafslo Idrettslag er eit breiddeidrettslag og har som mål å nå flest mogleg. Idrettsgrein, dugleik eller alder er ikkje relevant. Kvar einskild medlem skal få lov til å utvikle seg best mogleg ut frå eigne føresetnader i den idretten han eller ho ønskjer å drive. Vi skal tenkje langsiktig, både når det gjeld idrettsaktivitetar og økonomi.

Hafslo Idrettslag har ein viktig funksjon når det gjeld å legge til rette for aktivitet for alle borna, ungdomane og vaksne i bygda vår. Frivillig innsats er grunnlaget for aktiviteten i idrettslaget vårt, og vi har mange trenarar, lagleiarar, tillitsvalde og andre støttespelarar som gjer ein flott og heilt avgjerande innsats og legg ned mange dugnadstimar gjennom året. Så langt som råd skal Hafslo Idrettslag sine interesser kombinerast med interessene til medlemene våre, interessene til andre lokale lag og organisasjonar, bygdesamfunnet og Luster kommune.

Hafslo Idrettslag har mange gode sponsorar som stiller opp, og i 2020 har korona-situasjonen verkeleg synt oss kor viktige sponsorane våre er. Desse gir oss eit godt og viktig økonomisk grunnlag for å nå måla våre. Særskilt takk til Luster Sparebank, NTP Avery Dennison og Intersport Sogndal for gode økonomiske avtalar og godt samarbeid i 2020. Takk også til Luster kommune for den økonomiske støtta vi har fått til aktivitet, drift og vedlikehald av anlegga våre i 2020.

Vi har mange medlemer og eit høgt aktivitetsnivå. Sjølv om det har vore mange restriksjonar i 2020 på grunn av korona-pandemien, har det likevel vore stor aktivitet. Alle særgruppene har lagt til rette for aktivitet så langt det har vore mogleg, og det er mange tillitsvalde og trenarar som fortener ein stor takk for den ekstra innsatsen som har vore lagt ned for å kunne gjennomføre aktivitet i tråd med gjeldande korona-retningslinjer. Det er også flott å sjå korleis særgruppene har samarbeidd og tenkt alternativt når det gjeld gjennomføring av aktivitetar i 2020.

Den gode økonomien og store aktiviteten til idrettslaget skuldast også i stor grad positive foreldre som stiller opp på dugnad og som tek i eit tak for idrettslaget. Vi må også takke alle lokale bedrifter og støttespelarar som har hjelpt oss på ulike måtar gjennom året.

Styret vil rette ein stor takk til alle som har vore med og halde aktiviteten oppe i idrettslaget vårt i 2020. Takk for nok eit aktivt idrettsår med mange gode opplevingar for mange. Vi ser fram til eit nytt aktivt og meir normalt idrettsår i 2021.

Styret i Hafslo Idrettslag, 31.01.2021

Årsmelding stadionstyret

Styret
Birger Moene (leiar), Knut Helge Røneid

Stadionsjefen gjer ein framifrå jobb med grasbana.

Oppladinga til sesongen 2020 vart noko annleis enn tidlegare år på grunn av korona-pandemien. Etter at all aktivitet vart stogga og lagt på vent i midten av mars, var det knytt stor usikkerheit til når fotballaktiviteten kom i gong, og korleis fotballsesongen ville bli. På grunn av dette vart det ikkje prioritert å framskunde snøsmeltinga med strøing av blomsterjord på Hafslo stadion i Moane eller gummigranulat på kunstgrasbana. Men like etter påske vart det opna for korona-treningar med avstand, og arbeidet med klargjering og vedlikehald av baner og anlegg vart sett i gong på vanleg måte i håp om ein mest mogleg vanleg fotballsesong etter kvart.

Kunstgrasbana var fri for snø i byrjinga av april, og vart teken i bruk til treningar i tråd med korona-retningslinjene i veka etter påske (14. april). Det vart etterfylt om lag 400 kg med gummigranulat i slutten av april, og bana vart slodda med jamne mellomrom gjennom sesongen. Bana vart mykje brukt til treningar fram til sommaren. Etter sommarferien vart det opna for seriekampar for aldersbestemte lag, og i haustsesongen vart kunstgrasbana mykje brukt til både seriekampar og treningar. I år lèt snøen vente på seg, og siste laurdagstreninga på kunstgrasbana vart gjennomført 19. desember!

Grasbanene i Moane vart fri for snø i midten av april. Før årets sesong hadde Fotballgruppa ei avtale med Sogndal Fotball om å ta ansvar for drift og vedlikehald av deler av treningsfeltet, mot at Hafslo IL kunne få nytte treningsfeltet til treningar og kampar ved behov. Både Hafslo stadion og treningsfeltet vart gjødsla og etter kvart vedlikehalde med slåing og vatning på vanleg måte. Grasbanene i Moane vart tekne i bruk til treningar i byrjinga av juni, og på grunn av korona-retningslinjene var det godt å ha god plass å trene på. Grasbanene vart vedlikehalde med gjødsling, regelmessig vatning og fornuftig grasklipping gjennom heile sommaren. Siste veka av sommarferien vart det arrangert fotballskule i Moane og det vart opna for seriespel for aldersbestemte lag veka etter. Det vart i tillegg arrangert miniputt-turnering siste helga i august. Siste seriekampar og treningar i Moane vart gjennomført i slutten av oktober.

På grunn av at årets sesong vart utsett, fekk både treningsfeltet og Hafslo stadion «kvile» i heile mai månad og i byrjinga av juni. I tillegg vart årets Lerum Cup avlyst på grunn av korona-pandemien. Mindre bruk saman med godt vedlikehald sørga derfor for flotte grasbaner i Moane frå byrjinga av juni og resten av sesongen. Det er lenge sidan Hafslo IL har hatt så flotte grasbaner til treningar og kampar i Moane som i 2020!

Drift og vedlikehald av grasbanene har kravd meir arbeid enn vanleg av stadionstyret i årets sesong, både på grunn av tørt og flott sommarvêr, men også på grunn av at stadionstyret har hatt ansvaret for drift og vedlikehald av delar av treningsfeltet i tillegg. Stadionstyret har fått noko avlastning og hjelp til grasklipping m.m. av Jonas Midtbø og gjennom dugnadsinnsats frå andre.

I løpet av våren vart det bestilt container og rydda ein del rundt anlegget i Moane. Mellom anna vart det kasta mange gamle pallar, plankar, røyr mm. Det vart også kasta ein del gamle og øydelagde mål, og dette metallavfallet vart kasta i same container som hoppgruppa hadde bestilt i samband med avvikling av hoppbakken i Kvam. Takk til dei seniorspelarane som bidrog til dette dugnadsarbeidet.

Elles vart det gjennomført nokre økter med kantslått ulike stader i anlegget i løpet av sommaren. Særskilt takk til Sverre Kjos-Wenjum, men også til dei av foreldra som stilte opp på desse dugnadsøktene.

Stadionstyret vil takke alle som har bidrege med dugnad og arbeid på anlegga våre både i Moane og på kunstgrasbana i løpet av sesongen 2020.

Hafslo 30. januar 2020

Birger Moene
leiar stadionstyret

Årsmelding hoppgruppa

Styret
Per Birger Lomheim, leiar, trenar
Jon Ove Lomheim, ansvar skitrekk, trenar
Ove Fredheim, ansvar vinsj, trenar
Vegar Bondevik Lie, trenar
Geir Afdal, trakkemannskap, service
Ole Johnny Sie, trakkemannskap, service
Driftsleiar for skitrekket, Jernbanetilsynet: Jon Ove Lomheim
Driftsleiar for vinsjen i Kvamsbakken: Ove Fredheim

Avstått tillitsmenn
Jon Ove Lomheim, Skikrinsen, hopp og kombinertkomiteen, nestleiar
Jon Ove Lomheim, Sogn Skisenter, styremedlem
Jon Ove Lomheim, krinsdommar, skikrins
Per Birger Lomheim, krinsdommar og Forbundsdommar NSF

Representasjon
Idrettens møteplass, Førde 24. oktober: Jon Ove og Per Birger Lomheim
Haustmøte hopp, skikrinsen: Jon Ove og Per Birger Lomheim

Jon Ove vart olympisk meister i kombinert i veteran-OL i Innsbruck i januar.

Trening
Hopp er ei lita gruppe som har eit utvida samarbeid med dei andre gruppene utanfor skisesongen som grunnlag. Det viktige er at ungdommen har varierande tilbod som grunnlag for ei framtidig utvikling. Barmarkstrening saman med alpint og langrenn. Om vinteren hadde gruppa trening for yngre utøvarar i små naturbakkar og langrennsløype på Sogn skisenter. Det viktigaste grunnlaget for utvikling av alle idrettsgreiner er breiddeidrett

Hoppsesongen i Kvamsbakken og ved Sogn skisenter
Hoppsesongen i Kvamsbakken vart dårleg i høve tidlegare år. Snøforholda denne vinteren var utanom det vanlege. Det vart ikkje gjennomført ei einaste trening.

Det byrja optimistisk med preparering og tilrettelegging 2. desember 2019, men ustabile vêrforhold gjorde at vi ikkje kom i gang. Klargjering av anlegget ein dag og mildvær neste dag o.s.v. Vinteren heldt fram med mildvær og dårlege snøforhold. Det vart ikkje arrangert eit einaste krinsrenn i Kvamsbakken året 2020, så det vart ei trist avslutning for alle kjekke åra gjennom 50 år i Kvamsbakken.

Når hoppsesongen kom i gang i fylket (Stryn) siste helga i februar så vart den stoppa brutalt 12. mars av koronapandemien.

For dei aller minste som ikkje deltek på krinsrenn, vart redninga eit kort treningstilbod (om lag 3 veker) på Heggmyrane (Sogn Skisenter), takka vera godt samarbeid med skisenteret. Det vart preparert mindre naturbakkar ved Grillhytta og ved Telenorløypene.

Hoppgruppa arrangerte eit SFE-cuprenn ovanfor Grillhytta den 3 og 5 mars, der 15 gutar og jenter deltok i tre småbakkar. Alle var frå Hafslo.

- klasse under 10 år var det 10 deltakarar
- klasse 11–12 år var det 2 deltakarar
- klasse 13–14 år var det 3 deltakarar

Telenorcup
Telenorcupen er aktivitetstilbod med barneidrettsgruppa og skigruppene. Hoppgruppa har det tekniske samarbeidet med Norges Skiforbund i høve søknad og tilrettelegging med premiar, samt evalueringsrapport til NSF. I høve Telenorcup har det vore alternativ hoppinstruksjon for dei aller yngste like ved langrennsløypa/startområdet.

Aktiviteten i hoppgruppa
Hoppgruppa har vorte redusert. Bård Inge Fredheim avslutta hoppkarrieren i 2019 og Erlend Sie drog til Trondheim på vidaregåande skule og tilslutta seg hoppmiljøet der. I løpet av vinteren fall fleire andre rekuttar til krinsrenn i frå på grunn av manglande treningstilbod lokalt. Rekruttane og dei yngste fekk trena på Heggmyrane. Dei eldste reiste til Lillehammer, Vikersund og Stryn for trening.

Resultat året 2020
Resultat OL for veteranar i Seefeld og Innsbruck 9.–18. januar:
Ove Fredheim, sølv i stor bakke (K95) og sølv i mellomstor bakke (K70).
Jon Ove Lomheim, gull i kombinert, sølv i hopp (K40) og 14.plass i mellomstor bakke (K70).

Resultat KM i Stryn, Bjørkelibakkane, Veten I.L.
Ove Fredheim, fylkesmeistar hopp K-70 og kombinert.
Jon Ove Lomheim, fylkesmeistar hopp K-40 og kombinert.
Oda Sønnesyn , fylkesmeistar i hopp og kombinert. (15-årsklasse)
Gard Sønnesyn, fylkesmeistar i hopp og kombinert (13-årsklasse)

NM for veteranar på Vinstra vart avlyst.

Ove Fredheim har delteke på to Norgescuprenn for veteranar i Vikersund.

KM hopp og Kombinert i Stryn i mars 2020.

Dugnad
På grunn av pandemien vart det ikkje dugnad på Lerum Cup og haustmarknaden m.m. dette året.

Over og ut for Kvamsbakken
Den store dugnaden dette året var avvikling av Kvamsbakken sumaren 2020. Det var ein kjempeinnsats av gruppa på alle plan i arbeidet. Dette arbeidet kosta omlag 1/10 tiandepart av det idrettslaget hadde budsjettert. Ein del materiell er lagra på skisenteret, i garasje hjå Jon Ove og kjellaren på klubbhuset i Moane.

Sesongen 2021
Det er for tida usikkert korleis det går vinteren 2021 på grunn av snø og pandemien. VM for veteranar i Russland er avlyst. Ove Fredheim er i gang med førebuingar og i julehelga hoppa han fleire dagar i Lysgårdsbakken på Lillehammer. NM for veteranar på Vinstra er usikkert.

Frå terminlista Sogn og Fjordane: Treningssamling og KM ved Nordfjord Fritidssenter og Bjørkelibakkane 13-14. februar. Dessutan SFE-cup ved Sogn Skisenter tysdag 18. januar, Hafslo IL.

Oppsummering
Etter forholda har gruppa god aktivitet etter dei forholda vi har, takka vera innsats av gruppa og foreldre til ungane. Hafslo har hatt det beste hoppmiljøet i fylket, men framtida ser ikkje så lys ut med omsyn til gode treningsbakkar. Utan gode treningstilbod vert det vanskeleg å halda oppe rekruttering og hoppmiljø. Håpet er at det snarleg vert avklara eit tilbod ved skisenteret.

Hoppgruppa ved Jon Ove har innleia eit samarbeidsprosjekt med skikrinsen v/Ingrid Narum om kjøp av hopputstyr for rekruttering i hoppmiljøa.

Takk til Sogn Skisenter for tilrettelegging av forhold for Telenorcup og mindre hoppbakkar for yngre utøvarar. Takk til Sogn Skisenter for tilrettelegging av forhold for Telenorcup og mindre hoppbakkar for yngre utøvarar.

Lomheim 4. januar 2021
Per Birger Lomheim, leiar hoppgruppa

Årsmelding alpingruppa

Styret
Runar Tørvi (leiar), Hans Olav Hellesøe, Adrianne Kvam, Jørgen Berg

Hovudfokuset til alpingruppa er å legge til rette for aktivitet, rekruttering og breidde. Målet er at alle som ønskjer det skal kunne vere med på treningane, bli betre på ski og skape eit godt miljø! Alpingruppa har eit godt samarbeid med barneidrettsgruppa og dei andre skigruppene i vintersesongen, mellom anna om Telenor-karusell. Dette samarbeidet er ein viktig del av rekrutteringa, der fokuset er leik og moro på ski. Alpingruppa samarbeider også godt med Sogn Skisenter om å legge til rette for aktivitet og gode treningstilhøve.

Treningar

Etter at Lars Olav Halleråker overtok ansvaret som ny trenar vintersesongen 2019, har alpingruppa hatt god rekruttering, særleg blant dei yngste medlemene. Like etter nyttår starta alpintreningane opp, og Lars Olav laga ein plan med eit flott opplegg med treningar ein gong i veka ut mars månad. Det var godt oppmøte på onsdagstreningane, heilt fram til aktiviteten fekk ein brå stopp i midten av mars på grunn av koronapandemien. Det var sjølvsagt veldig synd at skisesongen måtte avsluttast tidlegare enn planlagt, då det framleis var flotte tilhøve for skiaktivitet ved Sogn Skisenter til langt etter påske. Alpingruppa sørga likevel for at alle dei supre deltakarane på alpint-treningane vintersesongen 2020 fekk ein liten premie for innsatsen levert i postkassa like etter påske.

Aktivitetar og arrangement

Onsdag 19. februar (i vinterferieveka) samarbeidde Alpingruppa og Sogn Skisenter med Sogn og Fjordane Skikrins om arrangementet Fjord 1 Young Attacking Vikings. Dette vart ein strålande skidag der både små og store fekk utfordre seg i ulike løyper i det flotte været. Alle deltakarane fekk velfortente premiar for innsatsen. Stor takk til Ingrid og Tonje frå skikrinsen, dugnadsfolka frå Alpingruppa og Sogn Skisenter og alle deltakarane for eit flott gjennomført arrangement.

På grunn av korona-pandemien var det ikkje mogleg å arrangere verken Heggmyra Rett Ned eller avslutning med klubbrenn og andre aktivitetar som vanleg vintersesongen 2020. Vi håpar situasjonen opnar for at det let seg gjere å få gjennomført arrangement og avslutning som vanleg komande sesong.

Alpingruppa ser framover mot ny vintersesong, og også i år vart det arrangert skibyttedag i samarbeid med Sogn Skisenter på ein korona-venleg måte torsdag 26. november. Med kampanjepris på sesongkort i tillegg, er dette som vanleg eit populært arrangement. Godt oppmøte tilseier at det er mange som gler seg til vintersesongen 2021.

Fjord1 Young Attacking Vikings på Heggmyrane i februar.

Dugnad
Sesongen 2020 vart spesiell på grunn av korona-pandemien, der det ikkje let seg gjere å få gjennomført dugnadar på vanleg måte. Fleire bidrog med flott innsats under arrangementet Fjord 1 Young Attacking Vikings 19. februar. I tillegg er det flott at enkelte foreldre har bidrege under onsdagstreningane. Dugnadsinnsats frå foreldre er uansett veldig viktig for å sikre at Alpingruppa kan oppretthalde eit breitt og inkluderande aktivitetstilbod gjennom vintersesongen. Dette er noko Alpingruppa vil ha fokus på i dialog med foreldra til deltakarane komande sesong, slik at kostnadane for å delta på alpint i Hafslo IL vert så låge som mogleg for den enkelte deltakar/familie.

Oppsummering
Sjølv om sesongen fekk ein brå slutt i midten av mars på grunn av korona-pandemien, har Alpingruppa hatt ei positiv utvikling med auka rekruttering sesongen 2020. Lars Olav Halleråker skal ha ein stor del av æra for dette, og det er veldig positivt at han har halde fram som hovudtrenar. Det kjem berre positive tilbakemeldingar frå foreldre og utøvarar på treningsopplegget og måten alpint-treningane vert gjennomført på. Det må også nemnast at Alpingruppa med Lars Olav i spissen har vore flinke til å promotere aktiviteten på ein positiv måte i sosiale medium og i media. Her kan vi særskilt nemne flott omtale på porten.no 30. januar 2020: Artikkel porten.no 30.01.20 - Alpingruppa Hafslo

Det er også viktig å nemne at alle involverte i alpingruppa og alpinmiljøet er ein positiv og samansveisa gjeng som sørgjer for god stemning i samband med møte, treningar, dugnadar og arrangement. Alpingruppa har også eit svært godt og positivt samarbeid med Barneidrettsgruppa og dei andre skigruppene knytt til rekruttering og arrangement, noko gruppa set stor pris på. Tilsvarande gjeld det nære og gode samarbeidet med Sogn Skisenter gjennom sesongen. Skisenteret gjer ein fantastisk innsats, og sørger for at bakkane alltid er flott preparert og klare til treningar og arrangement. Dette er alpingruppa svært takknemlege for.

I skrivande stund er vintersesongen 2021 godt i gang, og Lars Olav starta opp treningar i regi av Alpingruppa i midten av januar. Sjølv om korona-pandemien framleis set nokre begrensningar, har det vore godt oppmøte på treningane så langt. Lars Olav har laga ein plan for treningar ut mars månad, og så kryssar vi fingrane for at vintersesongen 2021 let seg gjennomføre på ein mest mogleg normal måte med mykje aktivitet og skiglede for medlemene våre. Alpingruppa håpar også å få i gong freeski-aktivitet i løpet av vintersesongen 2021, og har ein positiv dialog med aktuelle aktørar om dette.

Avslutningsvis må vi også takke alle utøvarane våre, tillitsvalde, foreldra og alle andre støttespelarar som har hjelpt oss og støtta oss på ulike måtar gjennom sesongen 2020. Vi ser fram til eit flott samarbeid med mykje aktivitet og mange flotte skiopplevingar i 2021!

Hafslo 30.01.2021

Runar Tørvi
leiar alpingruppa Hafslo IL 2020

Årsmelding langrennsgruppa

Styret: Trond Sekse (leiar), Per Fridolf Hillestad og Elise Landøy

Skileik og skirenn. Stina Hillestad til høgre.

Trening

Vinteren 2019/2020 var det skitreningar på Heggmyrane for ei blanda aldersgruppe med 10-15 deltakarar i alder ca 8-12år. Treningane vart leia av Jorunn Hillestad Sekse og Elise Landøy. Desse to har og delteke på aktivitetsleiarkurs i 2020, arrangert av skikrinsen.

Treningane er primært basert på skileik med ulike aktivitetar som utfordrar balanse, motorikk, hurtigheit, uthald m.m. Mykje morosame øvingar og glade og aktive ungar ! Treningane vart gjennomført fram til koronarestriksjonar i mars sette ein stoppar for all aktivitet.

Barmarksesongen starta opp i oktober/november med organiserte Basis-treningar ute og/eller i gymsal kvar måndag og tysdag. Alpint har hatt ansvar for måndagstreningane inne i gymsal, medan Langrenn har hatt ansvar for tysdagstreningane ute. Om lag 10-20 deltakarar på treningane. Dette er basis-treningar som er opne for alle grupper i idrettslaget.

Stina Hillestad har i 2020 delteke på krinslaget til Sogn og Fjordane skikrins. Jørgen Sekse har som ein del av «impulslaget» vore med på nokre krinssamlingar. Det har grunna pandemien vore noko reduksjon i krinslagsaktiviteten sommar/haust 2020.

Onsdagcupen er eit populært arrangement, og vert arrangert av trimgruppa/barneidrettsgruppa. Her deltek om lag 100 ungar. I 2020 vart dette tilbodet gjennomført fram til koronarestriksjonar sette ein stoppar for all aktivitet.

Deltaking på renn

Hafslo IL har hatt deltakarar med på krinsrenn, sonerenn, KM og Norgescup.

Stina Hillestad har hatt ein god sesong i juniorklassen (J18/19). Stina fekk poeng i alle distanserenna ho gjekk i Norgescupen (dvs. blant dei 50 beste), to gull og eit sølv i KM, og vinnar av SSF cupen i 2020.

Siste del av langrennssesongen vart avlyst grunna koronarestriksjonar, og dette medførte også at Hafslovatnet rundt ikkje vart arrangert i 2020.

Det vart på Hafslo IL sitt årsmøte i 2020 vedteke å avslutte Hafslovatnet Rundt som arrangement.

Langrennsgruppa vil takka alle som har hjelpt og støtta oss gjennom denne sesongen.

Hafslo, 31. desember 2020
leiar i langrennsgruppa
Trond Sekse

Årsmelding fotballgruppa

Styret i fotballgruppa 2020
Norill Terese Norheim (leiar), Karita Nes (nestleiar og miniputtansvarleg), Kai Inge Cirotzki (miniputtansvarleg), Jan-Erik Røneid (sekretær), Camilla Bremer (materialforvaltar), Elin Anette Hillestad (materialforvaltar)

Koronavenleg takk for kampen under miniputturneringa i Moane.

Sportsleg utval: Norill Terese Norheim, Kai Inge Cirotzki og Joar Duesund
Dommaransvarleg: Norill Terese Norheim
FairPlay – ansvarleg: Elin Anette Hillestad og Vivian Kvam

- Me har hatt 5 møte gjennom sesongen og behandla 25 saker.
- I starten av desember skulle Norill og Elin Anette delta på Miljøhelg på Skei. Denne vart utsett til over nyttår på grunn av korona.
- Fotballgruppa har eit årshjul og ein sportsplan som dannar grunnlaget for korleis me planlegg og organiserer arbeidet gjennom sesongen.

Sesongen 2020 – ein annleis sesong
Fotballen på Hafslo fekk full stopp den 12. mars då oppblomstringa av korona i Noreg førte til nasjonale tiltak. Det vart då fire veker utan aktivitet. Før påske kom det grønt lys frå NFF om at idrettslaga kunne starte opp med aktivitet under kontrollerte rammer. Fotballgruppa brukte påska til å gjere nødvendige innkjøp utstyr for å kunne gjennomføre aktivitet i tråd med dei nye retningslinjene. I veke 16 starta ein del lag opp med treningar og fleire følgde på etter kvart. Dette var ei omstilling for spelarar og trenarar, men alle tok det på strak arm og gjennomførte gode økter.

Frå 1.juni fekk born og unge starte opp med vanleg trening. Miniputt starta då opp med treningar 5.juni. Etter sommarferien fekk dei aldersbestemte laga starte med seriekampar. Den første seriekampen på Hafslo var den 17.august. Det vart også arrangert Tine Fotballskule 12.-14.august og miniputturnering i Moane 30.august, begge arrangementa vart gjennomført i tråd med smittevern-reglane. Trass i situasjonen som Noreg har vore gjennom har fotballen på Hafslo hatt dyktige trenarar og lagleiarar som har gjennomført fotballaktivitet for spelarane våre i samarbeid med fotballgruppa.

Hafslo senior
Trenar: Joar Duesund og Nils Einar Søhoel
Lagleiar: Ove Midtbø

Hafslo Senior hadde ein god start på sesongen med godt oppmøte på trening. Trenarane og spelarane har vore engasjerte og treningsforholda har vore gode. Korona har vore krevjande for seniorlaget då dei ikkje har fått drive med kontaktfotball og seriespel. Trass dette har seniorlaget hatt stor aktivitet heilt fram til 30.november med 80 gode korona-treningar med godt oppmøte gjennom sesongen.

Hafslo junior

J13 vann i Måløy i januar! Eline Johannessen, Iselin Brusegard, Anna Maria Bremer, Ingeborg Sekse, Ingrid Johanne Kvalen og Hege Lomheim.

J15/17 og J13/14
Trenarar: Vivian Kvam (J13/14) og Kai Inge Cirotzki (J15/17)
Lagleiar: Mette Johannesen (J13/14) og Camilla Bremer (J15/17)

- Laga har heile sesongen vore ei treningsgruppe. Før korona hadde laga treningar inne i Gaupne og på Hafslo. Etter koronapausen var det ein fin oppstart med treningar og godt oppmøte. Laga heldt treningane gåande gjennom sommaren.
- Dei stilte med tre lag i kvalifiseringa til KM. J14 og J15 kom ikkje vidare til Sandane, medan J13 spelte sluttspel der. Dei deltok også på turnering i Måløy. Her vann J13 turneringa etter straffesparkkonkurranse i finalen. J14 og J15 kom begge på 2.plass. Dette var sosialt kjekt og sportsleg bra for gruppa.

- Haustsesongen har vore bra for begge laga. J15/17 har spelt 7ar/9ar og ende på 2.plass i si gruppe. J13/14 har spelt 9ar og ende til slutt på 3.plass etter ein spennande innspurt på sesongen.

G13/14
Trenarar: Kurt Heggestad og Torgeir Kjos-Wenjum
Lagleiar: Mette Johannessen

- Laget hadde ein god start på treningssesongen og ein god oppstart etter korona. Har stort sett hatt to treningar per veke + kamp i haustsesongen.
- G13/14 har spelt 9ar denne sesongen. Dei ende på 4. plass i si gruppe. Hadde like mange poeng som 3.plassen.
- Laget har ikkje delteke på turnering denne sesongen.

G12
Trenar: Kurt Norheim
Lagleiar: Ine Jeanett Skjerven

- Laget har hatt ein fin sesong. Har samarbeida på trening med G13/14 og G11.
- G12 har spelt 7ar denne sesongen. Dei har spelt fleire gode kampar og hatt fint samspel. Fleire spelarar har hospitert med G13/14.
- Laget deltok på turnering i Måløy i vinter. Der hadde dei ei fin oppleving.

J11/12
Trenar: Vegard Lie
Lagleiar: Margrete Søhoel

- God sportsleg utvikling og speleglede gjennom heile sesongen, trass ein del større tap.
- Laget har ikkje deltatt på turneringar denne sesongen.

G11
Trenarar: Styrk Hofslundsengen og Åge Ruud
Lagleiar: Anne Therese Moen

- Har hatt gode treningar og godt oppmøte gjennom sesongen. Har samarbeida mykje med laga over og under. Dette har vore veldig bra.
- Kampane på hausten gjekk greitt. Har tapt ein del kampar, men humøret har vore bra trass dette. Fleire spelarar har hospitert med G12.

G10
Trenar: Gøran Sjølie af Geijerstam
Lagleiar: Irene Haugen

- Har hatt gode treningar og bra oppmøte på øktene. Har samarbeida mykje med laget over. Dette har vore bra med tanke på hospitering på kampar.
- Haustsesongen har vore bra og gutane har spelt gode kampar. Nokon har også hospitert med G11 på enkelte kampar.

J9/10
Trenar: Lars Olav Halleråker

- Har hatt ein fin sesong med bra oppmøte på treningar. Spelargruppa har vore positiv trass ein tøff sesong.
- Jentene har spelt 7ar dei fleste kampar og fått mykje speletid. Det har ikkje vore nokon hospitantar då laget spelte i J10-klassen.

Miniputt (6-9år):

- Miniputtansvarleg har vore Karita Nes og Kai Inge Cirotzki.
- Laga kom i gang med treningar i starten av juni. Grunna korona har det berre vore to turneringar denne sesongen. Ein i Moane og ein i Øvre Årdal.
- Det har vore 62 ungar med på miniputtaktivitet i 2020. 23 jenter og 39 gutar. På turneringa på Hafslo var det med 14 lag og i Øvre Årdal var det med 10 lag.
- 6- og 7-åringane har spelt 3ar-fotball. 8- og 9-åringane har spel 5ar-fotball.

G9
Trenar: Eline Johannessen
Lagleiar: Anita Sjøthun

- G9 har deltatt på frivillig seriespel denne hausten. Gutane har hatt ein trening i veka og desse har hatt godt oppmøte. Spelarane er ivrige og positive.
- Dei har spelt målrike kampar og utvikla spelet utover hausten. Sesongen enda med seier i siste seriekamp.
- Laget har deltatt med eitt lag på begge kongleriketurneringane.

G8
Trenar: Anne Therese Moen
Lagleiar: Ine Jeanett Skjerven

- Har hatt ein god treningssesong med godt oppmøte. Ungane har vore positive og hatt det kjekt.
- Laget deltok på begge turneringane og hadde fine dagar.

J8
Trenar: Asbjørn Kjos
Lagleiar: Linda Kristin Brunborg

- Har hatt stabilt oppmøte på treningar og jentene har vore positive.
- Laget deltok på miniputturneringa på Hafslo og hadde ein kjekk dag der.

G7
Trenarar: Anja Renate Buskaker og Richard Nes
Lagleiar: Anne Lene Sygna Halleråker

- Har hatt godt oppmøte på treningane og ivrige gutar.
- Laget var med på begge turneringane og hadde kjekke dagar.

J7
Trenarar: Silje Kauppi Rørvik og Norill Terese Norheim
Lagleiar: Ann Kristin Torgersen

- Har hatt ein god sesong med godt oppmøte på treningane. Har samarbeida saman med J6 på treningane og fått gode treningar ut av dette.
- Laget var med på begge turneringane. Jentene spelte fin fotball og viser god utvikling gjennom sesongen.

G6
Trenarar: Ruth-Karin Kvam og Tom Idar Kvam
Lagleiar: Kari Merete Henjum

- Har hatt godt oppmøte på treningane og gutane har hatt god utvikling gjennom hausten.
- Laget deltok på begge turneringane og hadde fine dagar.

J6
Trenar: Silje Christine Indrebø Nygård
Lagleiar: Birthe Johanne Finstad

- Har hatt godt oppmøte på treningane og eit godt samarbeid med laget over.
- Laget deltok på begge turneringane og hadde to gode dagar.

Miniputturnering på Hafslo 30. august

- Det var påmeldt 35 lag og ca. 160 ungar denne dagen.
- Lagar vart delt inn i to puljar for å avgrense tal personar på stadion. Mykje godt dugnadsarbeid og god planlegging gjorde dette til ein fin og trygg dag i Moane.
- Det var 10 unge dommarar som stilte opp denne dagen. Dei gjorde ein god jobb.

Tine Fotballskule Hafslo 2020

- Tine Fotballskule Hafslo vart arrangert for 13.gong på rad sidan 2008 12.-14.august.
- På grunn av korona-pandemien, var det ein del ekstra retningslinjer vi måtte ta omsyn til i år. Men alle var flinke til å følgje opp slik at det gjekk veldig bra.
- Totalt deltok 66 gutar og jenter i alderen 6 til 12 år på årets fotballskule. Hovudtyngda av deltakarane var frå Hafslo, men vi hadde i tillegg deltakarar frå Gaupne, Solvorn, Veitastrond, Sogndal, Jostedal og Fortun/Skjolden. Fordelinga var 29 jenter og 36 gutar.
- Totalt var det 15 instruktørar på årets fotballskule, der dei fleste av desse var ungdomar (4 vaksne og 11 ungdomar).
- Hafslo IL fekk pris for Årets beste TINE Fotballskule i Sogn og Fjordane i 2020. Dette var veldig kjekt, og det skal dei flinke ungdomsinstruktørane ha ein stor del av æra for. I grunngjevinga frå kretsen gjekk det mellom anna fram at fotballskulen på Hafslo scora veldig høgt på positive tilbakemeldingar frå foreldre i den etterfølgande evalueringa. Prisen vart feira med pizzakveld, utdeling av attestar, oppsummering og sosialt samvær for instruktørane i gymsalen fredag 13. november.

Årets beste TINE fotballskule i Sogn og Fjordane i 2020!

Keeperskule i Sognahallen

- Fire ungar frå Hafslo deltok på keeperskulen i Sogndal hausten 2020: Liam Stein (G9), Hasan Qabalan (G11), Daniel Haugen Bjarnason (G10) og Lukas Haugen Bjarnason (G8).

Sone- og kretslag

- Hafslo IL har hatt fleire spelarar inne på sone- og kretslagstiltak denne sesongen. Dei som har vore med er Linus Heggestad, Ingrid Johanne Kvalen, Ingeborg Sekse, Anna Maria Bremer og Anna Grindhaug.
- Anna Grindhaug har vore med på sone og kretslag for 2006. Ho vart også invitert til Proffstien til Arna Bjørnar i august.
- Ingrid Johanne Kvalen, Ingeborg Sekse og Anna Maria Bremer har vore med på sone og kretslag for 2007.
- Linus Heggestad har vore med på sonelag for 2007.

Laurdagstrening

- Laurdagstreningar har også vore eit tilbod i 2020 for dei som er 10 år og eldre.
- Dette er eit tilbod for dei som ønskjer ekstra trening der ein bevisst legg lista litt høgare når det gjeld innsats og haldningar på trening.
- I år kom tiltaket litt seinare i gong enn vanleg. Frå starten av mai og til 18.desember var det jamt mellom 15 og 20 deltakarar kvar laurdag.
- Kurt Heggestad har hatt ansvar for øktene og har hatt hjelp frå Norill Terese Norheim, Torgeir Kjos-Wenjum og Bjørn Arild Grindhaug.

Dommarar

- Hafslo IL har ingen som har dømt på kretsnivå i 2020. Me har ein dommarrettleiar.
- Hafslo IL har hatt 9 dommarar som har dømt kampar denne haustsesongen.
- I starten av oktober deltok Anna Grindhaug, Ingeborg Sekse, Ingrid Johanne Kvalen, Linnea Ackefjord Bremer, Anna Maria Bremer og Norill Terese Norheim på rekrutteringsdommarkurs.

- Dommaransvarleg og Geir Arne Kvam har jobba godt med dommarane denne sesongen og mange har hatt god utvikling denne hausten.

Dommarane avslutta sesongen i november, med ein kveld med volleyball, fotball og pingpong. Ingeborg Sekse, Iver Sollid, Linnea Bremer Ackefjord, Nikolai Solheim, Jakob Hauge Sørensen, Anna Grindhaug, Ingrid Johanne Kvalen og Anna Maria Bremer.

Oppsummering
Det har vore ein god fotballsesong med mykje aktivitet trass eit litt annleis år. Takk til trenarar, lagleiarar, foreldre og andre ressurspersonar for innsatsen denne sesongen. Ein spesiell takk til Birger Moene for flotte treningsforhold på anlegget i Moane.

02.01.2021
fotballgruppa

Årsmelding foreldrelaget for aldersfastlagd fotball

Styret
Erna Hamrum (leiar), Jim Sletten, Jane Mandelid
Undergruppe/kiosknemnd Lerum cup: Britt Brugrand, Ann Elisbeth Skjerven, Erna Hamrum

Grunna koronarestriksjonar vart Lerum cup avlyst og miniputturneringa sterkt redusert. Det vart heller ikkje arrangert sosial samling for fotballfamilien.

Inntektene i 2020 kjem berre frå miniputturneringa og reinhald av klubbhuset. Gruppa har vaska ned klubbhuset og hatt vekentleg reinhald gjennom sesongen.

Takk til Jim og Jane for innsatsen i foreldrelaget!
Takk til alle som bidrog til at fotballaktivitetane har laga positive og gode minner for utøvarane!

Hafslo 31.12.2020
Erna Hamrum

Årsmelding barneidrett

Styret: Anne Grete Lomheim (leiar), Janniche Fossøy og Ann Helen Liljedahl (nestleiar)



Ski med innlagt hopping og orientering i Moane var stas!

Barneidrettsgruppa er samansett av leiar og nestleiarar. All idrett er organisert av HIL, og er for barn opp til 12 år. Me har samarbeida med dei andre særgruppene, og dei har hatt ansvar for sine aktivitetar alt etter sesong. Me har hatt fokus på at barneidrett skal vere for alle, og ein skal ikkje føle på press eller prestasjonar. Det skal vere sosialt, og ein skal gleda seg over å prøve nye aktivitetar. Det skal vere eit variert program, der ein prøver ulike aktivitetar.

Frå januar til midten av mars var det skiaktivitet på Heggmyrane kvar onsdag. Det var totalt 99 registrerte barn, og godt oppmøte. Hoppgruppa var med dei fleste onsdagar, og laga ulike hopp og bakkeaktivitetar i lysløypa. Det er og tilbod om skileik i ulike variantar. Me har hatt godt samarbeid med hoppgruppa ,som alltid er positive når me spør dei. Den 22.1 2020 var skikrinsen v/Roger Øye Pollen med og visste oss ulike skileik/aktivitetar for barn. Langrennsgruppa var også med. Tidtaking på skicup kunne me kutte ut, meinte skikrinsen. Sesongen vart avslutta ei veke før planlagt, då korona kom. Me leverte premiane i postkassane dette året.

Vårprogrammet vart avlyst. Haustprogrammet var uteaktivitet. Barneidrett i samarbeid med trimgruppa arr. friidrett og orientering i Moane. Godt oppmøte desse kveldane. Smittevern for idrett frå Helsedirektoratet vart følgt. Me la ut natursti til Hesvollen, og ulike turbingoar som vart lagd i banken. Der kunne alle hente program, og gjennomføre på eige initiativ. Dette på grunn av korona, og unngå mange samla samtidig. Det har ikkje vore gjennomført aktivitet i gymsalen denne hausten.

Småbarnstrim (0-5 år) har vore i gymsalen annakvar tysdag frå januar til nedstenging 12.3.Dette er foreldrestyrt aktivitet og leik, der foreldre hjelper til med organisering og rydding. Det var vanskeleg å få foreldre til å stille med opplåsing av dør til skulen, derfor vart dette tilbodet annakvar veke, ikkje kvar veke som tidlegare. Barneidretten har hatt god deltaking, sjølv om koronaåret 2020 har avgrensa aktiviteten!

Årsmelding trimgruppa

Styret
Tomas Kjørlaug, Audhild Moe, Grete Marie Skårhaug Solvi, Adrianne Kvam, Kjell Arild Høyum, Sandra Nesse Søhoel og Katrin Lægreid Nes (leiar).

Idrett for alle. Natalie Winjor Tokvam, Kristine Norheim, Marta Alme, Mathilde Kristine Aspelund, Gabriella Alberska, Eli Amalie Sletten og Celine Norheim.

Dette er ein godt arbeidande og positiv gjeng. Styret har hatt 3 styremøte dette året. Styret ynskjer gjerne få innspel frå medlemmane om ting me skal jobbe med å få til i trimgruppa vidare.

Aktivitetar i 2020

Volleyballgruppe (fram til mars 2020)
Trenar ein gong i veka i gymsalen. Dei har eiga FB gruppa der treningane blir organisert. Flott tiltak, god variasjon i alder i denne gruppa. Håpar dei klarar starte opp att etter Koronaen over nyttår.

Idrett for alle
Gruppa har 2 utøvarar og 6 hovudinstruktørar, 6 ungdommar. Dette er leikbetonte treningar der ein førebur deltakarane på øvingar i Løveleikane og Byrkjelo-leikane bla.

Trimmian
Dette er den største jobben for trimgruppa. Trimgruppa har 25 postkassar med trimbøker i. Desse kan kven som helst skriva seg i. Dette året hadde me 51 ungar som fekk premie for å ha registrert minst 150 poeng. 15 vaksne (seniorar) med 300 poeng og 25 trimmianar (born og vaksne) som hadde vore på alle bøkene våre. Ei deltaking på det jamne, ikkje eit rekord år. Men me ser at veldig mange besøkjer bøkene våre, spesielt dette «koronaåret» og ynskjer få fleire til å levera inn skjema i 2021.

Marknaden – og dermed den tradisjonelle premieutdelinga vart avlyst. Men trimgruppa visste råd og rigga stand ved Buene for å dela ut årets premiar! Katrin Lægreid Nes og Grete Marie Skårhaug Solvi.

Idrettsmerket
Trimgruppa tilbyr idrettsmerketaking til medlemmane. To stykk nytta seg av tilbodet i 2020, dette var Per Birger Lomheim og Astrid Veum.

Stifaddergruppa
Stifaddegruppa er eit samarbeid mellom Trimgruppa, Hafslo Bygdelag (administrator) og Hafslo Sogelag. Bjarne Venjum gjer koordinator og gjer ein flott jobb for å holda arbeidet i gang.

Gruppa starta opp hausten 2018, og har no fungert i to år. Me har kome godt i gang, ein god del stiar er merka og rydda. Ein har fleire stiar på planen og dei ein har rydda og merka må haldast ved like. Trimgruppa stiller med 9 stifadrar, noko me er veldig stolt over. Desse har jobben so lenge dei vil.

Luster turorientering
Eit samarbeid mellom trimgruppene i Luster. Me bidreg med våre bøker og våre medlemmar kan kjøpe skjema på Spar og delta. 8 personar frå Hafslo deltok i år.

Hafslo 30. desember 2020
For trimgruppa, Katrin Lægreid Nes

Årsmelding handballgruppa

Styret: Sandhya Karlsen Holene (leiar), Lars Olav Halleråker, Monika Reime

Like etter oppretting av handballgruppe kom korona og me fekk ikkje komme i gang i august som me hadde tenkt.

Me kom i gang med treningar i gaupne i september, og på Hafslo i oktober. Me har vore på kampar i Vik og i Sogndal og hatt kampar i Gaupne.

Litt varierande resultat, men god stemning og trivsel blant spelarane

Me har lag i j 10 og j 11.

Me spelar under IL Bjørn sesongen 2020/21.

Me har 18 spelarar fordelt på tre aldersgrupper. Monika Reime har ansvar for treningane og Sandhya K. Holene er lagleiar og fungerer som hjelpetrenar.

Det har vore ei stabil gruppe, men med fleire nykommarar frå Hafslo

Det er framleis stor interesse for handball i nokre aldersgrupper på Hafslo. For desse har vi eit godt samarbeid med IL Bjørn, og det er naturleg å fortsette dette samarbeidet. Vi har dessverre på grunn av årets covid-situasjon vore hindra for vidare rekruttering innan yngre aldersgrupper. Såleis vurderer vi det som fornuftig å fortsette samarbeidet med IL Bjørn der dette er naturleg. Derimot håpar vi at det ved eit seinare høve vert naturleg å danne eige lag på Hafslo. Vi ser og at handballen er viktig for vidare å utfordre kommunen med å bygge fleirbrukshall i handballstorleik på Hafslo. Såleis tenker vi at det er naturleg at handballspelarar og lag og får tilgang i eksisterande hall på Hafslo, sjølv om dei er knytt til IL Bjørn.

INTERSPORT®
SOGNDAL

25 % rabatt på klubbkolleksjonen

AVERY DENNISON NTP